



Fylkesmannen i
Hordaland



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE



INNOVASJON
NORGE

Inspirasjonskonferanse for 7 kommunar i Indre Hordaland Voss 23. – 24. april 2015

Aktive kommunar – Attraktive lokalsamfunn Rapport



Vossevangen

Tid til refleksjon om samfunnsutvikling; LUK – 7 kommunar inspirert i og av Voss

Kommunane Granvin, Ulvik, Eidfjord, Odda, Jondal, og Kvam var samla på Voss 23. – 24. april, på Voss Kulturhus og Myrkdalen hotell til inspirasjonskonferanse om lokal samfunnsutvikling i kommunane (LUK). Samlinga var den siste i ein serie på 4 for ordførarar, rådmenn og personar med særleg ansvar for samfunnsutviklinga i kommunane. Deltakarane vart inspirert, fekk gode eksempel, delte erfaringar og tok seg tid til å fokusera på samfunnsutvikling i eigen kommune.


Visjon for Voss: Bygd for sterke opplevingar



Voss kulturhus bidrog til å synleggjera Voss sin identitet: Voss sine mange medaljevinnarar prydar veggene i møterommet



Voss bibliotek i kulturhuset



Denne rapporten refererer dei moment og innspel som vart presentert av deltakarane gjennom gruppearbeid og plenumssamlingar. Nokre moment kan vera i motstrid med kvarandre, men rapporten er meint å vera eit grunnlag for vidare arbeid i kommunane og regionen.

INNLEIINGAR

Regionalt partnerskap

Arild Sondre Sekse starta det heile då han stemte opp med «Velkomne med æra ..». LUK-kordinator **Jorun Gjørwad** ønskte deretter velkomen til inspirasjonskonferanse. Etter velsmakande lunsj orienterte nærings sjef i fylkeskommunen **Mette Nora Sætre** om partnerskapen bak LUK-satsinga (lokalsamfunnsutvikling i kommunane) og inspirasjonskonferansane: Fylkeskommunen, fylkesmannen og Innovasjon Norge. Ho peika mellom anna på at det er mykje kompetanse i kommunane, og at utfordringa i stor grad er å systematisera arbeidet og utnytta denne.

Per Nordmark gav ei orientering om oppstart av arbeidet med Regional plan for indre Hordaland, eit planarbeid prioritert av fylkestinget. Fyrste fase er utarbeiding av eit utfordringsnotat.

Voss til inspirasjon

Ordførar Hans Erik Ringkjøb orienterte om Voss kommune.

Vossevangen er «ny»; bygd opp att etter bombinga for 75 år sidan. Før var sentrum vest for kyrkja, men vart bygd opp att på austsida. Voss er største landbruksbygda i Hordaland, og landbruket legg viktige premisser. Ny kommuneplan fastset tydeleg grense mot landbruksareala; det er slutt på å spreia seg utover, no vert fokus på fortetting.

Ordføraren peika på at Voss sin identitet er å vera bygd, men med by-kvalitetar. Vidare at Voss er turistbygd, festivalbygd, skulebygd, kulturbygd, idrettsbygd, - og dugnadsviljen er særst stor og viktig, - og så «dyrkar Voss eldsjelene».



Ordførar Ringkjøb: Voss har idag 14 347 innbyggjarar, og vekst på 1,2 % - som han meiner er passeleg

Voss har fokus på at bygda ligg midt i Fjord-Noreg! Unesco-statusen til Nærøyfjorden er eit viktig element, og her ønskjer Voss at fylkeskommunen vert meir aktivt med i profilering m.m.



*Kommuneplanen legg til rette for fortetting med 4000 bueiningar innanfor regionsenteret: «Kommunen må tørra å ta val og fortetta!»
Bilete: Fortettingsprosjekt; 19 bueiningar på 3,2 da – og med bruk av utbyggingsavtale*



Miljøgata på Vangen og tunnel bak Vangen er to viktige prosjekt som er realisert



Torbjørn Austrud orienterer på kulturhustaket om utvikling og planar for regionsenteret Vossevangen. Ho vert lytta til!



Voss knutepunkt; viktig for vidare utvikling og identitet for Vossevangen

Voss gymnas: Har kulturhistorisk verdi og skal brukast i framtida, men det vert stor ny utbygging av vidaregåande skule med integrert idrettshall og tilknytning til idrettsanlegga i Prestegardsmoen.



På bygde-by vandring i miljøgata



DIALOG OM SAMFUNNSUTVIKLING. KVA ER «FÅ-TIL-FAKTORANE» I VOSS KOMMUNE? (Observert av Hardangerkommunane)

- Voss har meir enn før samla seg, synest det utanfrå. Dei planlegg å fortetta senteret sitt, - kort avstand for alle. Bustader sentrumsnært er i fokus.
- Voss set grense mot landbruksjord. Veldig bra. Det bør alle kommunar gjera.
- Fint med grønne flater i sentrum: Overraskande og sjarmerande fordi ein treng opne grønne flater – Vert brukt som landingsareal for paraglidere, rekreasjonsareal m.m..
- Imponert over kva Voss har fått til. Folketalsvekst imponerer – kjem ikkje av seg sjølv.
- Voss dyrkar eldsjelene. Siterte Dag Jørund Lønning: «Eldsjelene må få brenna, men ikkje brenna ut.»
- Når ein får nokon til å lukkast, vil det få ein smitteeffekt og nye kjem til.
- At Voss har bygd opp anlegg med mykje dugnadsarbeid, har betydd mykje.
- Det har og vore investorar som kjem utanfrå, og det har betydd mykje.
- Kommunen – både politikarar og administrasjonen møter jamleg næringslivet. Faste møte vart etablert for nokre år sidan etter påtrykk frå næringslivet. Skapar betre kontakt mellom kommunen og næringsdrivande. Begge har saker dei tar opp. Minimum to gonger i året. Alltid referat frå møta. Nils Akselberg, eigedomsdirektør i Myrkdalen har vore særleg viktig. Møter i kontaktutvalet.
- Voss har kultur for å snakka positivt om det ein jobber med.
- Voss har bygd på det som er særprega ved Voss: Festival og ekstremспорт har fokus.
- Voss har ambassadørar: Kari Traa, Linda Eide og Arne Hjeltnes som framhever eigen kommune. Hardanger har og mange slike, men dei framstår ikkje som representantar for kommunane sine.
- Å fortelja dei gode historieane! Viktig! Nøkkelen i forteljningane er at folk kjenner seg att i dei.
- Voss brukar mulegheitene og er litt rause.
- I annonsering av rektorstilling på Voss. «Godt å bu på Voss» + alpinbilde. Dei brukar det særigne.

- Spørsmål: Næringsplan og strategiar. Korleis har kommunen jobba med dette. Korleis har ein truffe?
Voss: Ikkje så målretta. Men bygd på landbruk og dei kvalitetane ein har. Voss Adventure, klatreparken, VossVind og fleire verksemder som går bra. Kommunen jobbar no med ein ny strategisk næringsplan. Voss har næringsfond på vel 5 mill som ein delar ut. Lokal samfunnsutvikling var tema i utvikling av strategisk næringsplan.
- Spørsmål: Kva er største utfordringa for Voss?
Voss: Økonomien. Ønskje om vekst. Må jobba for å ta imot veksten. Jobbar no meir målretta mot å få til folketalsvekst og ta hand om denne. Sentrumsutvikling er viktig. Siste året har barnehageinntak vore eit mareritt. Den store skuleutbygginga vil dra mange elevar til Voss. Kan gå ut over andre område.
- Spørsmål: Tenkjer Voss by?
Voss: Tenkjer byutvikling – men ingen tør snakka om by. Voss vil vera bygd er bevisst på dette. Kommunen stoppa utbygging av handel v/ Fleischer. Grunngeving: Må få fylt opp butikkane i miljøgata. Voss knutepunkt. Starta med busshaldeplass, men så kom forslaget om gondol og hotell på plattformen.

Nytt parkeringshus i Voss sentrum



Synspunkt frå deltakarane i diskusjonen:

- Voss må ta ansvar og vera det lokomotivet det kan vera for Indre Hordaland. Fylkesmannen om Voss: ein bydel i Bergen.
- Næringsbarometeret viser at det no er vekst og aktivitet i indre Hordaland. Dette må regionplan for indre Hordaland ta tak i .
- Regionar vert utvikla i stjerneform ut frå Bergen. Hadde Kvam vore betre knytt mot Voss hadde ein vore ein sterkare region. Samferdsel vert viktig.
- Heile Hardanger og Voss vil vera ein tung region.
- Ein må verta flinkare til å beskriva seg som Hardingar og Vossingar. Vi må få identitet til eit større område! Viktig og no med kommunestrukturtenking.
- I 2001 melde Voss seg ut av Hardanger og Voss regionråd.
- Voss som regionsenter. Voss er veldig viktig for Granvin. Har og hatt samarbeid om tenester med Voss. Litt dårlege erfaringar. Voss er med så lenge det er fordelar for Voss. Bra at Voss begynnar å sjå si rolle som regionsenter, og må ta ansvar som dette.
- Voss er kanskje for lite bevisste på si rolle. (Men kanskje og på kor bevisste ein eigentleg er?)
- Ein har Voss, Odda og Os som regionsenter. Der kommunane har satsa i sentrum og ikkje spreidd seg ut har dei fått meir ut av investeringane. Det er litt negativt, men det gjer kanskje og at ein får den sterke motoren som vert viktig framover.
- Jondal har to regionsenter nære: Odda og Norheimsund + Husnes og Bergen . Odda er i aukande grad regionsenter for Jondal. Viktig med samspel mellom kommunesenter og regionsenter. Men det er ei grense for kor lite ein kan ha igjen i distrikta, og at det likevel er liv laga.
- Senterplanen er ein ny plan og har ikkje heilt sett seg enno.
- Ulvik ser på Kvam som har vekst og eit breitt næringsliv som ein positiv situasjon. Ei bygd i utvikling. Talet på private arbeidsplassar er bra. Voss har mykje statlege/ fylkeskommunale arbeidsplassar; 10 x meir enn Kvam.
- Ulvik har problem med fylkeskommunen. Motsegn grunna kulturminne kjem ofte seint og etter av ein har lagt planar for utviklinga framover. Det er eit problem. Ta dette med tilbake til HFK!



UTFORDRINGAR OG HINDRINGAR FOR EIGEN SAMFUNNSUTVIKLING SLIK KOMMUNANE I INDRE HORDALAND SER DET

Engasjement og deltaking

- Sentrumsutvikling manglar nokon som ser heile sentrum og samfunnsansvaret.
- Næringslivet må vera meir aktivt.
- Passive huseigarar.
- Lav grunderånd og lite mangfald - Tradisjonelt og smått.
- Når det er færre private aktørar – får kommunane ei meir aktiv rolle
- Forventningspress frå innbyggjarane. Kommunen må gjera mykje, grunderånden er ikkje så stor.
- Egotid: Det er få innbyggjarar og vi er oss sjølv nok (ventar på kommunen).
- Kommuneplanen: 4 folkemøte, men svært få oppmøtte.

Politikk

- Saknar politikarar som har ein «drive» for næringsutvikling og eigedomsutvikling.
- Kommuneplanen må vere eit dynamisk og levande dokument!
- Tore å tenkja stort og at det skal vere ei fellessatsing.
- Tenkja utanfor boksen + langsiktig, (hadde litt mykje fokus på næringsutvikling)
- Planarbeid (Eidfjord resort under arbeid, men mange skjer i sjøen)

Leiing

- Manglande deltaking på øverste nivå.
- Innad har ein noko konflikhtar som ein kunne unngå.
- For dårleg gjennomføringskraft i planar

*Fire utvalde - før dei vert tatt av vinden!
Leiv Vambheim, Siv Helle Prestegard, Aslak Læg Reid,
Arild Sondre Sekse*

- Tempo i handlingsprogrammet: Vedtatt rullering årleg – men vert ikkje gjort.
- Prioritering: Kommunen må prioritere tungt, det er ikkje ein lett øvelse!

Økonomi og ressursar

- Det er no plass til 4000 bustader i sentrum, men krev utbygging av infrastruktur
- Småkommunane har kompetanse, men er sårbare
- Det må vera belanse mellom drift og utvikling (økonomi)
- Lite risikokapital – lite vilje
- Følgja opp private initiativ. Viktig å følgje opp desse, men ofte utfordrande.
- Demografi og fødselstal – ei utfordring.
- Har ikkje bustader tilgjengelege og heller ikkje mange tomter.
- KOSTRA: kostnad pr innbyggjar:
 - Eidfjord 20 000 pr innbyggjar
 - Ulvik 15 000
 - Granvin 10 000
- Ein kunne brukt det ein brukar meir til samfunnsutvikling

Kommunikasjon/dialog

- Mangel på samordning av sentrumsaktørar.

Omdøme

- Det er viktig å ta vare på historia.



Sentrale føringar

- Søkjarkompetansen til regionale midlar er for dårleg i småkommunane
- Sentralisering (tannklinikk, banksentralisering, og tilsette i desse forsvinn.
- Ressurskrevande byråkrati (for mykje tid til søknad og rapportering)
- Avhengig av statlege instansar. (Døme: Jondal Sentrum - NVE tar 5 år!)
- Betre å få friare tilgang til utviklingsmidlar. Ny ordning om

næringsmidlar er ei yttarlegare byråkratisering – Ei hindring!

- Kulturminneforvaltinga «heng etter». Har dårlege erfaringar med dei.

Naturgjevne hindringar:

- Ny flaumkote og klimatilpassing gir utfordringar i planarbeidet. Dette er ei stor hindring for utnytting av areal. Større prosjekt for å flaumtilpassa kjem etter kvart.



Prosessleiar utan bakkekontakt!



Dagleg leiar i Hardangerrådet ser fram til nye utfordringar!

Tre med forventingar til å bli tatt av vinden!



Annlaug Børshem skapa stemning ved middagen på Myrkdalen hotel



POSITIVE EIGNE FØRESETNADER FOR Å UTVIKLE ATTRAKTIVE LOKALSAMFUNN

Tenestetilbod (samanfatta - alle kommunar)

- Gode tenestetilbod: skule, barnehage, eldre, sjukeheim
- Gode tilbod til barn og unge: kulturskule, fritidstilbod, idrett
- Gode på tilrettelegging for reiseliv, cruiseanløp og fjellforvaltning
- Fleire er gode på planarbeid og sentrumsutvikling
- God tilrettelegging for friluftsliv
- Eidfjord er rause. Har tilbod tilsvarande ein kommune på 10 000. Har tilbod om varm skulemat.
- Granvin - bustadtomter - nye tilbod kjem
- Granvin – høg kvalitet på kommunale tenester i landsmålestokk
- Jondalen – flinke på senterutbygging
- Frivillighet/dugnadsånd er sterk i alle kommunar
- Ulvik: Landbruksinnovasjon
- Kvam og Ulvik: Kultur og idrett. Mykje i forhold til andre kommunar. (Fleire idrettsanlegg enn i heile Bergen)
- Gode på det gode liv på landet og urbant. (tenkja urbane grep)
- Kompetansearbeidsplassar (nokre kommunar)
- God på monopolistrollen (plan, byggesak, løyver)
- Mange offentlege funksjonar /
- Gjennomføringsevne (type landsskytterstemne)

Motivasjon og deltaking

- Godt samarbeid med frivillige organisasjonar. (Døme: trebryggje på 80 m med litt bidrag frå kommunen.
- Verdiskaping rund Folgefonna.
- Positiv og optimistisk (kjemningar kanskje ikkje dei mest spontane?)
- Voss: Robust kommune

- God på både små og store arrangement
- Dugnadskondis
- Reiselivet i Voss er flinke. Myrkdalen er truleg det viktigaste som har skjedd for næringsutvikling.
- Handel: 119 % i handelsbalanse

Organisasjon og leiing

- Halda på kompetansen, rekruttera.
- Økonomistyring
- Små klasser - gode lærarkrefter – høgt utdanna
- Førstelinje i Ulvik er veldig bra mot næringsutvikling.
- Plan
- Byggesak: Tilrettelegging for næring
- God på både små og store arrangement.
- Større fagmiljø (Voss)

Politikk

- God dialog offentleg /privat/ frivillig
- Næringsstøtte - førstelinje
- Kompetanse på arrangørrollen
- Gode strategiske val om vann og avløp
- God tilrettelegging for næringsliv

Kommunikasjon og dialog

- God oversikt over kva som rører seg i kommunen, behov og liknande.
- Kort veg til kommunal forvaltning

Omdøme

- Attraktivitet
- Sjølvtilit og stoltheit over eiga bygd
- Mange gode ambassadører – lokalt og nasjonalt kjent Arne Hjeltnes, Linda Eide

KVA FOR LØFT MEINER KOMMUNANE I INDRE HORDALAND MÅ TIL FOR Å STYRKJA SAMFUNNSUTVIKLINGA?

KVA FOR LØFT MEINER HARDANGERKOMMUNANE OG VOSS AT MÅ TIL FOR Å STYRKJA SAMFUNNSUTVIKLINGA?

Neste løft i eigen kommune!

Kvam

- Visjon:
Skapa ei oppsiktsvekkjande framtid. Både skapa og framtid er viktige ord. Og at det er annleis enn tradisjonelt i kommunar.
- Hovudmål:
Vidareutvikla eit pulserande og sjølvstendig regionsenter som knyter saman Hardanger og Bergensregionen. Ser at ein må knyta seg sterkare mot Bergen.
- 4 hovudstrategiar i samfunnsutviklinga:
Stadutvikling
Verdiskaping gjennom samarbeid
Infrastruktur og kommunikasjon
Livskvalitet
Bygger nye barnehagar: Strandebarm, Tørvikbygd.
Hardangerbadet: Eit stort løft som ein håper å få til
Samferdsel.
Bustadutvikling – har areal men må få aktørar.

Diskusjon:

Likte «knyta saman Hardanger med Bergensregionen». Viktig og godt formulert! Kva ligg i pulserande? Ikkje eit dødt regionsenter, - regionsenteret skal ha liv heile døgnet. Hadde ein muligheitsstudie for Norheimsund.
Ny vidaregåande skule.
Verdiskaping gjennom samarbeid? Tenkjer ikkje bare på næring, men på alle aktørar på ulike område.
Skapa sterke sentrum? Er gode på dette: har styrka Strandebarm., Ålvik, Øystese, Norheimsund og til dels Tørvikbygd. Må ha ein del tenester fordelt rundt.

Jondal:

Draumen: Lukka er Hardanger:
Satsing i tre nivå:

I det små:

- Jonatunet. Hardanger fredsakademi. Nytt. Startar no.
- Generasjonsskifte for tilsette = mogelegheiter om mister kompetanse.
- Få tak i eksterne midlar. Gjennom frivillighetssentralen kan vera søkjar – Ein møte

Middels :

- Samfunnsplanen – er no på høyring. «Vi skal bli fleire»
- Budsjettkonferanse i juni. Må prioritera her.
- Hedleura. Har eit arbeid her, veit ikkje nok kva, men må begynna.
- Busetja flyktningar i Jondal. Spennande. Men og mange utfordringar.
- Aktivitetssløype i Jondal.- folkehelse. Frivillig sektor med.
- Knyta utviklinga til vår historie.
- Fortetting. Kommunale bustader i sentrum.
- Eldrebustader nær sjukeheimen (mindre transport)
- Tomte- og bustadutvikling sjå til Granvin og læra.

Store ting:

- Ferjeleie. Har sentrumsplan inndelt i område. Snart ferdig på nr 2
- Rehabilitera skulen
- 2 prosjekt rassikring
- Kommunalt industriområde. Interesse for dette - må følgja opp

Larsgaard: Fylkeskommunen, regionalavdelinga har vore god støttespelar for kommunen i utvikling av Jondal !



Granvin

- Har i visjonen å vera ein bukommune
- Rusta bygda for framtida mot tenester og trivsel for innbyggjarane.
- Kultur: Bankbygget/Granvinbygg (byta?)
- Bibliotek, turistinformasjon, kafé, konsertlokale, møterom lag/org.
- Oppvekstsenter: Planlegg samlokalisering skule, barnehage, SFO (ikkje vedtak)
- Bustad/tomtearealarbeid.
- Diskusjon / spørsmål: To arkitektstudentar har kome med forslag om småhus i sentrum som øvingslokale for hardingfele.

Ulvik

- Bustadprosjektering
- Fleirbrukshall
- Ny utviklingsplan
- Pågåande arbeid med «kultur for samfunnsutvikling» og innbyggjermobilisering/identitet.
- Berekraft og Cittaslow
- Innbyggjarundersøking: har brukt HFK og Distrikssenteret.
- Reiseliv: Satsing på mat/gastronomi
- Hjeltnes vgs – mogelegheitsstudien er ferdig
- Sentrumsutvikling -Liv
-Offentlege

Hardanger og Ulvik satser på mat. Kommunen er med aktivt.

Eidfjord

Unik kommune: «Frå fjell til fjord»

- Utvikling Sysendal
- Eidfjord Resort
- Planarbeid
- Serviceinnstilt kommune
- Dialog
- Anna hytteutbygging 30 – 40 i året i Sysendalen
- VA – prosjekt = vinn – vinn situasjon Politisk
- Analysera KOSTRA-statistikk
- RV7 Hardangerviddatunnell.

Voss

Hovudmål:

- Å vidareutvikla regionsenteret.
- Er inspirert til å heva kvalitetane i sentrum.
- Mål å ta fortetting innan sentrum.
- Ta vare på dei kulturverdiane i sentrum
- Må ta tilpassing til klima/flaum
- Ønsker dialog med nabokommunane. Balansegang, men vil i dialog med Voss som regionscenter.
- Ønskjer å bli eit lokomotiv som gjer at omlandet vert styrka.

Voss: Ny friar ! Frir til Eidfjord ☺



Engasjerte gruppediskusjonar om utfordringar og hindringar, positive føresetnader, og om kva som bør vera neste løft i arbeidet med samfunnsutvikling i dei einssilde kommunane

Siv Helle Prestegard og Jon Larsgard drøfter Jondal sin situasjon (under)





*Her vert neste løft i Voss
drøfta!*

*Ulvik og Kvam drøftar kva som bør
vera neste løft i kvar av dei to
kommunane*



Våren var ikkje komen til Myrkdalen 24. april – men dei fyrste sommarturistane var der!



«PUDDERPARADISET»

Presentasjon av eidedomsdirektør Nils Akselberg, Myrkdalen Fjellandsby AS.

Store og tydelege mål

Myrkdalen Fjellandsby driv, og har drive bygdeutvikling frå 2001. Myrkdalen var ei bygd med problem på denne tida. Her var jordbruk, men tungdrive og marginalt, med kort sesong. I 2001 sette ein som mål å byggja Nordens beste familiedestinasjon.

Nils Akselberg



Føresetnader

Myrkdalen ligg midt i Fjordnorge. Fyrste turistbuss 2015 kom i dag! (23. april). Myrkdalen har meir enn 100% belegg i sommarmånadane. Var oppe i 150 % belegg i fjor, ein leiger og hytter. Kundegrunnlaget om sommaren er basert på cruiseindustrien. Elles i året er suksessen basert på tre ting: Snø, Snø, Snø.

Godt samarbeid med Voss kommune har medverka til at Myrkdalen fjellandsby har lukkast så godt. Er takksam for det gode samarbeidet.

Det har vore planutfordringar i prosjektet som hadde 11 motsegner, men - fylkesmannen fekk til planvedtak.

Ein har hatt langsiktige og seriøse eigarar. Eigarar i dag: Schage 56 %, Grendahl 34 %, Flåm 10 %. Myrkdalen har god lokalisering: Avstand, heilårsdrift, snøsikkert, Vikafjellet, Nærøyfjorden, gode fjellbeite, arnestad for Dalasauen. Myrkdalen hadde 900 innbyggjarar i 1900, og var største bygda i Voss.

Myrkdalen Fjellandsby i dag

Myrkdalen Fjellandsby har no 185 tilsette frå 18 nasjonar. Dette varierer i sesongane, men 45 er fast tilsette. Er no ein av dei største arbeidsplassar i Voss med omsetjing på 200 mill. Overleverte 41 fritidsbustader og tomter i fjor. No sel ein tomter for 1 850 000 pr tomt i snitt. 2 mrd er investert i Myrkdalen, dessutan 1,5 mrd i Voss Resort (Bavallen). I Myrkdalen er det i dag 432 einingar: 162 hytter og 270 leilegheiter, utbygd frå 2002.

I 2012: 100 000 skigjester, 15 000 overnattingsgjester.

2014, etter hotellet kom: 140 000 skigjester, 80 000 overnattingsgjester i hotell og sjølvhushald. Er no klart større enn Fleischer. Myrkdalen hotel har 368 senger, 112 rom.

8 skiheisar med kapasitet 5000 skigjestar, 26 km løyper. Det 5. største heisanlegget i Noreg, og om ein slår saman Voss Resort og Myrkdalen Fjellandsby er dette 4. største alpinanlegg i Noreg.

Planar er svært viktige!

Myrkdalen Fjellandsby har omtrent full dekning lokalt for det ein gjer. Det er godt samarbeid med grunneigarane. Alpinplan frå Canada vart brukt som plankonsulent, og det er laga ein plan som gjer det mogeleg å utvida kapasiteten til 11800 skigjester. Det er vedteke utbygging av 2000 einingar i plan frå 2011. men 3400

einingar fritidshus kan byggjast, dette ligg inne i gjeldande plan.

I Myrkdalen har ein bygd konsentrert, og har difor mykje areal tilgjengleg for aktivitet.

Ein byggemelder direkte ut ifrå områdereguleringsplanen.





Infrastruktur er viktig!

Myrkdalen Fjellandsby har bidratt i vegtunnel til Myrkdalen.

Frieri til myndighetene: Overordna infrastruktur er veldig viktig - E 16 og R13. «Dødsvegen» E16 er eit problem. Myrkdalen Fjellandsby prioriterer ny veg Arna - Voss framfor E39 over Bjørnafjorden! Det same seier mange!

Aktørane må samarbeide om vegløyisingane. «Vossaløysinga» vart etablert i dag (23.04.2015), med målsetjing trafikk-løyisingar for Voss og områda rundt.

Nils Akselberg takka for at inspirasjonskonferansen vart lagt til Myrkdalen Fjellandsby!



Hanguren og Tvindefossen – viktige landemerke i Voss



DELTAKARLISTE

Arbeidsstad	Etternamn	Fornamn	Stilling
Eidfjord kommune	Læg Reid	Aslak	Varaordfører
Eidfjord kommune	Underhaug	Geir	Assisterende rådmann
Granvin herad	Winjum	Ingebjørg	Ordfører
Hardangerrådet iks	Rinaldo	Trude	Konsulent
Hardangerrådet iks	Vambheim	Leiv	Dagleg leiar
HFK, administrasjon	Sekse	Arild Sondre	Seniorrådgjevar - Prosessleiar
HFK, næring	Gjørwad	Jorun	Seniorrådgjevar
HFK, næring	Sætre	Mette Nora	Næringssjef
HFK, plan	Nordmark	Per	Seniorrådgjevar
Ideas2evidence	Engesæter	Pelle J	Senioruttreder
Jondal kommune	Larsgard	Jon	Ordfører
Jondal kommune	Prestegard	Siv Helle	Rådmann
Kvam herad	Steine	Arild McClellan	Rådmann
Kvam herad	Tolo	Asbjørn	Ordfører
Kvam herad	Kaale	Leiv Ingmar	Rådgjevar
Næringshagen i Odda	Opheim	Marie	Daglig leder
Odda kommune	Hauge	Elisabeth W.	Varaordfører
Ulvik herad	Thorbjørnsen	Hans Petter	Ordfører
Ulvik herad	Golis	Natalia	Bygde og næringsutviklar
Voss kommune	Austrud	Torbjørg	Kommunalsjef
Voss kommune	Bergo	Gunnar	Plan og miljøvernsjef
Voss kommune	Galaen	Berit Marie	Leiar planavdeling
Voss kommune	Hauge	Einar	Rådmann
Voss kommune	Ringkjøb	Hans Erik	Ordfører
Voss kommune	Finne	Kjersti	Arealplanleggjar

Rapporten er skrevet av Jorun Gjørwad, næringsseksjonen og Per Nordmark, planseksjonen

Alle foto: Per Nordmark





Takk til vertskommunen Voss

